

Saksbehandlar: Lars Hustveit, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 19/4270-1

## **Regionalt forskingsfond Vestlandet. Årsrapport 2018**

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gje slik tilråding:  
Hovudutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet til vitande.

**Fylkesrådmannen rår hovudutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Som saksordførar vert vald ... ..

### **Vedlegg:**

Årsrapport 2018, Regionalt forskingsfond Vestland

**Andre relevante dokument i saka:**

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

I Kunnskapsdepartementet sine «Retningslinjer for regionale forskingsfond» står det at styra for dei regionale forskingsfonda skal utarbeide årsmelding om verksemda. Meldinga skal sendast Kunnskapsdepartementet og vertsfylkeskommunane for fonda. I fondsregion Vestlandet vert årsmeldinga sendt til alle de i tre deltakarfylkeskommunane. Praxis vidare er at denne så vert førelagt dei respektive fylkestinga. Saka legg til rette for at hovudutvalet vel saksordførarar og at saka går direkte frå utvalet til FT.

#### Historikk - tidlegare vedtak

Tinginga frå fylkeskommunane til fondsstyret

Tinginga finn ein på fondet si heimeside: <https://www.regionaleforskningsfond.no/siteassets/rff-vest/bestillingtilfondsstyret-rffvest-2016-2019>. I avsnittet om ansvar for måloppnåing og rapportering står det:

«Fondsstyret er ansvarlege for at RFF Vestlandet bidreg til å nå Kunnskapsdepartementet sine føremål med ordninga og at fondet vert retta inn mot dei regionale føringane i fylkeskommunane si bestilling.

Årleg aktivitetsrapportering frå fondsstyret skal gjera greie for fondet si verksemd og kva aktivitetar som er utført, for å nå fondet sine overordna målsetjingar og målsetjingar gitt

i bestillingsbrevet frå deltakarfylkeskommunane og fondet sin handlingsplan. Aktivitetsrapporteringa skal gjera greie for kva resultat som er oppnådd.

Fylkestinga vert invitert til å gi supplerande føringar ovanfor fondsstyret i samband med dei årlege rapportane.»

I handsaming av tinginga til regionalt forskingsfond gjorde Fylkestinget følgjande vedtak i sak 56/15:

- «1. Fylkestinget vedtek bestillinga til Regionalt forskingsfond Vestlandet 2016-2019.
2. Fylkestinget føreset at fylkeskommunane nyttar høvet til å koma med supplerande føringar i samband med årsrapporteringane, slik at fondsstyret får dei definerte målsetjingane frå fylka å arbeida med, som retningslinjene tilseier.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber styret i regionalt forskingsfond Vestlandet om å legge inn følgjande prioriterte forskningstema i sitt arbeid: Teknologitviking basert på digitale forretningsmodellar tilpassa den eksponensielle naturen i internettøkonomien (eksempel: Spotify, Uber, Tesla Motors forretningsmodell for bil/software-oppgaderinger, 3D).»

Handsaming av årsrapport for 2017

Fylkestinget gjorde 12/6 2018 følgjande vedtak:

«Fylkestinget tek årsmeldinga frå arbeidet i Regionalt forskingsfond til vitande. I samband med etableringa av Vestland fylke og at det samtidig blir ny region for Regionalt forskingsfond Vestlandet, bør det gjennomførast ei evaluering av korleis vi har brukt ordninga og korleis vi strategisk kan bruke ho endå betre for å nå måla våre. Fylkestinget meiner det er naturleg at styret for RFF Vestlandet følgjer opp saka ved t.d. å knyte til seg ekstern kompetanse.»

#### Andre opplysningar

Regionalt forskingsfond Vestlandet har frå april 2019 modernisert eiga heimeside. Informasjon om aktiviteten er tilgjengeleg på: <https://www.regionaleforskningsfond.no/vestlandet/>

## **2. Vurderingar**

Ordninga med Regionalt forskingsfond vert no vurdert i samband med statleg gjennomgangen av dei næringsretta verkemidla. Resultat frå denne, og den vidare handsaminga i regjeringa og Stortinget, vil vere avgjerande for rammene til ordninga frametter.

Styret i RFF Vestlandet har drøfta dei prosessane som er i gang, og har i 2018 på ulikt vis teke initiativ til å avklare framtida til regionale forskingsfond. Ei avklaring av desse rammene vil vere avgjerande for det vidare arbeide med å utvikle ordninga.

## **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkestinget tek årsrapporten frå arbeidet i Regionalt forskingsfond Vestlandet til vitande.